

## Takk til funksjonærane



Tjuvstart som vert stoppa! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Leiinga i skigruppa ynskjer å takka funksjonærane for god innsats og det gjer dei på denne måten:



Sondre Erslund (8) frå Ternen i full fart mot mål. (Foto: Ola Maatti Mathisen)

**Skigruppa får mykje godord for sine arrangement, men det hadde ikkje vore tilfelle utan våre trufaste funksjonærar.**

Forrige helg arrangerte skigruppa Spar-rennet og denne helga hadde vi delt arrangøransvar med IL Ternen under Kvinnheradrennet.



Venter på start: Ella Karina Hjørnevåg frå Uskedal og Emilie Askeland frå Ternen (begge 10 år) er først i startkøen (Foto: Ola Matti Mathisen<sup>9</sup>)

Det er mykje som skal klaffe under eit arrangement som dette, både på førehand og ikkje minst underveis. Styret i skigruppa vil difor rette ein stor takk til alle dei trufaste funksjonærane våre som alltid stiller opp. Det betyr mykje for skigruppa å ha denne ressursbanken å øse av når vi skal arrangere renn.

Desse nøkkelpersonane er på mange måtar avgjerande for ei god avvikling. I fare for å gløyme nokon vil vi ikkje nemne namn, men for å sette rammene for eit arrangement er det ei rekke områder som må bemannast. Desse er; tidtaking, data, startarar, speaker, saft-/ fruktutdelar, premieutdelar, løypevakter, kafeteria, påmeldingsansvarleg.

Under gårdsdagens Kvinnheradrenn kom det heile 43 etteranmeldt tett oppunder start. Karane i tidtakarbua måtte verkeleg nytta edb-kunnskapa sine.

Dei som var vitne til dette kontrollerte kaoset seier dei aldri har sett 'touchmetoden' bli utført på ein så overtygande måte i Fjellhaugen før.



Vilde Vestrheim Skje(rven frå Voss og Emma Myklebust Ripel frå Uskedalen (begge 9) held dampen oppe (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ole Vidar Monsen**



Starten går! (Foto: Ola Matti Mathisen)